



## Referat

### Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tid:</b>	26.april 2024 kl. 1000 - 1300
<b>Møtestad:</b>	Voss sjukehus
<b>Møteleiar:</b>	Torstein Hellesnes
<b>Til stades:</b>	Gunn Iren Hovda (Helse Bergen, Voss sjukehus, vara) Gro Oma Fanebust (Helse Bergen) Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Vegard Kolve (Bjørkeli DPS) Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Torstein Hellesnes (Ulvik herad), Tove Iren Vedå (Voss herad, vara) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Britt Heidi Tefre (Norsk sykepleierforbund) Maria Vollsæter (Helse Bergen), Atle Grung (brukarrepresentant føretak),  Trude Hjortland (SSE føretaksrepresentant) Reidun Braut Kjosås (SSE kommunerepresentant)
<b>Fråfall:</b>	Terje Langeland (Kvam herad), Kjersti Nordanger (Voss herad) Eystein Hauge (kommuneoverlege) Line Lie (Fagforbundet) Birger Lærum (Voss sjukehus)
<b>Referent:</b>	Reidun Braut Kjosås

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Saks-type</b> (Vedtak Drøfting Orientering)
14/24	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Det var ingen merknader til innkalling og saksliste  <b>Vedtak:</b> Innkalling og saksliste godkjent	V
15/24	<b>Godkjenning av referat frå 24.januar 2024</b> Det var ingen merknader til referatet	V

	Ein oppfølgingskommentar knytt til sak 08/24. Helse Bergen kjem på besøk til kommunane. Det er avtalt møte med Eidfjord, Ulvik og Vaksdal i mai. Voss og Kvam kjem seinare	
16/24	<p><b>Orientering frå Strategisk samarbeidsutval (SSU)</b> SSE orienterte om saka (referatet og handlingsplanen)</p> <p>Fleire av sakene frå SSU møtet blir fylgt opp med eigne saker i dette OUmøtet (sak 17/24, 21/24 og 22/24)</p> <p>Det var minna om at felles strategi for helsefelleskapet i bergensområdet er sendt ut til partane for signering. Styret i Helse Bergen har behandla saka og signert strategien. Det er ønskje om at alle kommunane har oppe sak i kommunestyra før sommaren. Strategien og forslag til saksgrunnlag er sendt ut til kommunane. Strategien er tilgjengeleg på begge målformer. Forslag til saksgrunnlaget er berre sendt ut på bokmål.</p> <p><b>Innspel til utkast til handlingsplan</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vurdera å sette inn ny prioritert gruppe; «føde-barsel» i handlingsplanen. Dette i tråd med nasjonal helse og samhandlingsplan.</li> <li>- Flott om ein kan jobba vidare med «gode pasientforløp». Modellen og måten å tenke på kan kanskje nyttast i fleire samanhengar?</li> <li>- Viktig at innspel frå frivillige vert fylgt opp og at brukarkompetansen blir nyttiggjort.</li> <li>- Tidsplanen i handlingsplanen er kanskje for ambisiøs.</li> </ul> <p><b>Konklusjon</b> OU Voss ber SSU om å vurdera tidsplanen og sjå denne opp mot tilgjengeleg ressursar i SSE.</p>	O/D
17/24	<p><b>Gjennomgang av ny pandemiavtalen</b> Grete Lill Hjartnes, samhandlingssjef Helse Bergen orienterte om prosess omkring arbeidet med revisjon av pandemiavtalen.</p> <p>Dei viktigaste endringane i avtalen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Influensa-ordet er teke vekk</li> <li>- Lagt til eit punkt om at det vert oppretta undergrupper</li> <li>- Endra tidspunkt for levering av evalueringsrapport til 12.mnd</li> <li>- Det er laga eit vedlegg til avtalen som er rettleiande (ikkje juridisk bindande). Rettleiaren er basert på erfaringar frå covid-19. Sentrale punkt i rettleiaren er: <ul style="list-style-type: none"> <li>o Forankring av arbeidet i koordineringsgruppa</li> <li>o Fastlege deltaking</li> <li>o Samarbeid med andre</li> <li>o Vurdering omkring sårbare grupper som får endra eller redusert tilbod</li> </ul> </li> </ul> <p>Avtalen er sendt til kommunane for signering (administrativ signering).</p> <p><b>Konklusjon</b> OU Voss tek saka til orientering.</p>	O
18/24	<p><b>Referat frå underutvala</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rehabilitering, møte 07.02.2024 <ul style="list-style-type: none"> <li>o Det var ingen merknader til referatet</li> <li>o Helse Bergen orienterte om at Helse Vest den 1.april signert ny avtale om rehabiliteringstilbod i regionen.</li> </ul> </li> </ul>	O

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Frå tidlegare avtale er det nokre endringa som til dømes fleire dagtilbod. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kom innspel i møtet om at det kan vera krevjande for fleire gruppe å nytta dagtilbod når reiseavstanden er lang</li> </ul> </li> <li>○ Fastlege merker at det er vanskelegare å få plass på rehabiliteringstilbod.</li> <li>○ Helse Bergen har oppmoda Helse Vest om å senda ut informasjon til kommunane (via postmottak) om kva rehabiliteringstilbod som no gjeld etter ny avtale. Denne informasjonen bør og vidareformidlast til fastlegane.</li> <li>○ Helse Vest har inngått avtale med: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <a href="#">Åstveit Helsesenter</a></li> <li>▪ <a href="#">Ravneberghaugen</a></li> </ul> </li> </ul> <p>- UFAB, møte 01.02.2024 – ingen merknader</p> <p>- Rus og psykisk helse, møte 14.03.2024 – ingen merknader</p> <p>- Barn og unge, møte 08.02.2024</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det kom spørsmål om IPS ung og inklusjonskriteria? Ungdom som kan vera aktuelle til tenesta er begrensa til dei som har eit behandlingstilbod ved BUP, i dette tilfelle.</li> </ul>	
19/24	<p><b>Informasjon om samhandlingslegar i spesialisthelsetenesta</b> Eldfrid Nerland Haukenes, samhandlingslege og fastlege i Vaksdal orienterte om saka.</p> <p>Samhandlingslegar tidlegare PKO, har som oppgåve å bidra til betre informasjonsflyt mellom sjukehus og fastlegar. Samhandlingslegane har eit digitalt nyheitsbrev som ein kan melda seg på. Sjå nettsida til Helse Bergen for meir informasjon og påmelding til nyheitsbrev: <a href="https://www.helse-bergen.no/pko">https://www.helse-bergen.no/pko</a></p> <p>Spørsmål og innspel som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det kom innspel om å setja av midlar i eit eventuelt samhandlingsbudsjett til å kunne lønna fastlegar til å delta i utval og arbeid i strukturen</li> <li>- Det er ønskje om å tilsetja ein sjukeheimslege inn i «teamet» med samhandlingslegar</li> </ul>	O
20/24	<p><b>Forslag til endring i elektronisk meldingsutveksling innan somatikk</b> Grete Lill Hjartnes, samhandlingssjef Helse Bergen orienterte om saka. Saka er ei oppfølging til sak 10/24 frå førre møte i områdeutvalet.</p> <p><b>Vedtak:</b> <b>Innleggingsrapport</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde støttar forslag til endring i tekst om <i>Innleggingsrapport</i> i retningslinja <a href="#">Retningslinje for elektroniske meldingar innan somatisk sektor - Saman</a>, og ber SSE om å endra teksten i retningslinja og publisera den på saman.no. Mal for innleggingsrapport må leggest nedst i retningslinja.</p> <p><b>Melding om innlagt pasient og Tidlegvarsel</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde støtter forslaget til endring i tekst i punkta <i>Melding om innlagt pasient og Tidligvarsel</i> i retningslinja <a href="#">Retningslinje for</a></p>	V

	<p><a href="#">elektroniske meldingar innan somatisk sektor - Saman</a>, og ber SSE om å endra teksten i retningslinja og publisera den på saman.no.</p>	
21/24	<p><b>Representasjon til operativ styringsgruppe for PLL</b> Lars Nedrelid, prosjektleiar frå Bergen kommune orienterte om hovudtrekka i det nye PLL-prosjektet der alle kommunane i Helsefelleskapet i bergensområdet skal involverast. Når dei ulike regionane kjem i gang med prosjektet er avhengig av mellom anna om det er teknisk PLL-støtte i journalsystema.</p> <p>Det kom spørsmål om korleis ein på ein god måta skal rekruttera brukarrepresentantar og fastlegerepresentantar inn i arbeidet. SSE er i dialog med gruppa av fastlegar og brukarrepresentantar i helsefelleskapsstrukturen for å få innspel til korleis ein kan oppnemna representantar inn i fora og arenaer framover.</p> <p><b>Vedtak:</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde melder inn Anita Lønnebakken Sevild frå Vaksdal kommune som kommunal representant til operativ styringsgruppe for PLL.</p> <p>Tilbakemelding vert sendt til SSE innan utgangen av april 2024 (<i>OU Voss sin representant er meldt inn innan fristen</i>).</p>	V
22/24	<p><b>Representasjon til arbeidsgrupper for etablering av samarbeidsavtaler</b> SSE orienterte om saka Det er behov for oppstart av arbeidet med å etablere to nye samarbeidsavtaler samt justering av særavtale 7. Arbeidet med tenesteavtale 12 vil ikkje starta opp før til hausten (i sakspapira står det oppstart juni 2024). Tidsplanen for dette arbeidet vil derfor bli forskjøve nokre månadar.</p> <p>Kommunalsjefane i lokalsjukehusområdet vil samsnakkast etter møtet og finna representantar til dei tre arbeidsgruppene.</p> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde takker for saka. Områdeutvalet melder inn ein kommunal representant til:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Arbeidsgruppe for etablering av avtale 12 - Utvikling og planlegging av tjenesten</li> <li>Arbeidsgruppe for etablering av avtale 13 - Barn og unge som mottar tjenester fra begge forvaltningsnivåene</li> <li>Hurtigarbeidende arbeidsgruppe for justering særavtale til tjenesteavtale 7 – LIS1- rekruttering</li> </ol> <p>Namnet på representanten vert meldt til SSE innan 1. juni 2024.</p>	V
23/24	<p><b>Orientering om beredskapstest på Voss 17.april</b> Silje Todnem, Legevaktssjef i Hardanger og Voss orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon).</p> <p>Eit av føremåla med øvinga var å teste kapasiteten på Voss sjukehus samt å testa beredskapsplanane til alle involverte. Under øvinga vart det nytta eit validert verktøy som er brukt fleire stader i Europa (MACSIM).</p> <p>Erfaringar frå øvinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Transportressursane var flaskehals</li> <li>- Kommunikasjon var utfordringer (trafikk på nødnettet)</li> <li>- Læringspunkt: rødekors og sivilforsvaret vart ikkje varsla i tidleg fase.</li> </ul>	O

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utalarmering av legar og ressurskoordinering av legar</li> </ul> <p>I møtet kom det spørsmål om det bli laga ein rapport frå øvinga. Det er planlagt å skriva ein erfaringsrapport frå øvinga. Nabokommunane er interessert i å få denne tilsendt.</p>	
24/24	<p><b>Orientering frå representantane</b></p> <p><b>Eidfjord</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ny kommunalsjef innan HR er tilsett</li> <li>- Innført ny websak arkiv ordning – nytt økonomisystem på veg</li> <li>- Stabil legesituasjon no – meir usikker til hausten</li> <li>- Tilsett psykiatrisk sjukepleiar som skal byrja på vidareutdanning</li> <li>- Har nyleg hatt tilsyn knytt til beredskap og helseberedskap</li> <li>- Skal delta i forskingsprosjekt om kols oppfølging</li> <li>- God erfaring med langvakter i pleie og omsorg</li> <li>- Er i gang med å bygga sansehage</li> <li>- Skal utreda om ein skal bygga nytt helsehus</li> <li>- Sommaren ser lovande ut med tanke på bemanning</li> </ul> <p><b>Vaksdal</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Helsehuset står klart til juni. Ser veldig bra ut.</li> <li>- Det skal vera ei politisk sak om korleis bruka nybygget (kva plassar som skal vera kor). Kommunestyresak i mai om fordeling av sjukeheims plassar mellom Dale – Vaksdal.</li> <li>- utfordringar med å få tak i sommarvikarar. Kjem nok i mål og i år, men ei stor utfordring</li> <li>- Godt samarbeid mellom Helse og oppvekst. Stilling som oppvekstleiar skal opprettast.</li> </ul> <p><b>Voss</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ny samarbeidsavtale om IKL</li> <li>- Krevjande økonomi – jobbar med mange ulike innsparingstiltak</li> </ul> <p><b>Ulvik</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har fått ny heradsstyresal – teke i bruk i april</li> <li>- Større prosesser knytt til økonomi. Til dømes nytt lønssystem</li> <li>- Barnevern og PPT er organisert i helse. Det pågår eit arbeid med mål om endå betre samarbeid mellom helse og oppvekst</li> <li>- Barnekoordinator funksjon er på plass og det vert jobba med korleis denne funksjonen skal vera.</li> <li>- Re-oppretta koordinerande eining</li> <li>- Helsesjukepleier skal i permisjon. Vikar er på plass.</li> <li>- Døgndrift sjukeheim deltek i TØRN.</li> <li>- Har god kapasitet i sjukeheim pr no, men veit at behovet vil auka fram i tid. Kommunen vurderer å selja plassar til andre kommunar</li> <li>- Ny 100% stilling knytt til rus og psykisk helse er på plass frå august.</li> <li>- Samfunnsdel og planstrategi er på gang. Prøver å bake inn helse i dette arbeidet</li> </ul> <p><b>Helse Bergen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- TØRN skal i gang også i føretaket.</li> <li>- Delte stillingar. Me har starta dialog med HR avdelinga. Det er ønsker å sjå på ulike modellar for å finna spørsmål og svar på ulike hindringar. Har begynt å sjå på desse problemstillingane.</li> <li>- Kontaktliste som ligger på saman.no vil bli fjerna. Helse Bergen vil ta kontakt med kommunane og vidare sørgja for lista er oppdatert hos oss (berre me som treng denne).</li> </ul>	O

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Digitale samhandlingsmøte om avvik er gjennomført. Gode tilbakemeldingar på desse møta. Me vil halda fram med om lag 2 møter kvart halvår.</li> </ul> <p><b>Voss sjukehus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ny direktør er tilsett; Birger Lærum.</li> <li>- Jobbar mykje med «Nye Voss sjukehus». Er i konseptfasen. Konseptrapporten skal handsamast i styret i Helse Bergen i juni.</li> <li>- Foreløpig ikkje gjort vedtak i leiargruppa om eventuelt samlokalisering av sengeplassar i sommar.</li> <li>- Slit med rekruttering både generelt og til sommarvikarar</li> </ul> <p><b>Barne- og ungdomsklinikken</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Opna nyleg nytt regionalt senter kjønnsinkongruens</li> <li>- Opplev større utfordringar med rekruttering</li> </ul> <p><b>Brukarrepresentantane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ønskjer å løfta ei sak om høyrselhjelp. Erfarar at hjelpemiddelsentralane fungerer godt i kommunane. Hjelpemiddel som kommunane ikkje har ansvar for er meir krevjande. Eit døme er høyreapparat. Dette hjelpemiddelet gjeld ofte eldre innbyggjarar (80 – 90 år). Brukarane treng ofte mange turar for å få tilpassa hjelpemiddelet på ein god måte. Ofte må brukaren og ha med seg følgje. Denne prosessen tek lang tid og har lange ventelister. Dette er ei sak som bør løftast.</li> <li>- Brukarrepresentant frå føretaket har nyleg blitt medlem i styringsgruppa for «Nye Voss sjukehus». Opplever at dette arbeidet blir drifta godt og det er kjekt å delta i arbeidet.</li> </ul> <p><b>Fastlege</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kommuneoverlegenettverket i regionen har føreslått områder der ein kunne nytta samhandlingsmidlar. <ul style="list-style-type: none"> <li>o Desentraliserte spesialistar. Det er særleg behov for spesialistar innan auge, øyre/nase/ hals men og høyrsel som vart nemnt frå brukarrepresentanten. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ OU Voss har tidlegare sendt brev til Helse Vest med oppmoding om etablering av desentraliserte avtale-spesialistar i vårt område. Det er ønskje frå OU Voss og bli orientert om status om arbeidet omkring private avtalespesialistar frå Helse Vest</li> </ul> </li> <li>o Samarbeid om pasientar som treng særleg tryggingstiltak, samt oppfølging av pasientar som kanskje aldri kjem ut av behandlingssløp</li> <li>o Utfordring med rehabilitering</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Bjørkeli</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Slit med rekruttering særleg LIS og nattevakter</li> <li>- Arbeider med revisjon av utviklingsplanar og strategiar. Det er etter kvart ønskje om innspel til dette arbeidet.</li> </ul> <p><b>Fagforeiningar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Klare for lønnsforhandlingar</li> </ul>	
25/24	<b>Eventuelt</b>	

**Neste møte:** Torsdag 12.sep, kl. 1000 – 1300